

Arkivnr: 2018/11728-19

Saksbehandlar: Bjørg Larsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		12.09.2018

Fordeling av spelemidler til Lokale kulturbygg 2018**Samandrag**

Fylkeskommunen fordeler kvart år tilskot til lokale kulturbygg – finansiert med spelemidler frå Norsk Tipping gjennom desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. Ordninga skal bidra til å etablere eigna lokale, bygningar og utearenaer som gjev rom for ulik kulturell verksemd i Hordaland.

Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur – som scenekunst-lokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift. Bygningane skal i størst mogeleg grad fungera som kulturelle møtestader for alle grupper. Lokala skal vere opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengjast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

Generelt:	
Til fordeling 2018 frå Kulturdepartementet inkl renter og inndregne midlar:	Kr 4 276 000,-
Søknadsfrist 2018 frå kommunane:	2. mai 2018
Overskot frå spelemidler til kulturføremål vart fastsett på generalforsamlinga til Norsk Tipping AS	19. april 2018
Vedtak kriteria:	https://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst-og-kulturutvikling/tilskot-til-lokale-kulturbygg/
Kriteria og informasjon om ordninga:	https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/innsiktsartikler/kulturbygg/desentralisert-ordning-for-tilskudd-til-/id86016/

2018:	
Tal på søknadar:	17
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	8
Godkjend søknadssum:	Kr 18 613 000,-
Overføring til kulturbygg med regionale funksjonar (budsjett):	Kr 1 337 000,-
Tilrådd til fordeling:	Kr 2 939 000,-
Tal på kommunar som har søkt	8

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:**Statlege føringar**

Søknad om støtte til bygging av anlegg fremjast til fylkeskommunen gjennom kommunen der anlegget er planlagt bygd, innan 2. mai. Alle søknader om spelemidlar vert levert fylkeskommunen elektronisk gjennom www.anleggsregisteret.no. Fylkeskommunen går gjennom alle søknader, og gjer ei detaljfordeling av midlane til kommunane.

Politiske prioriteringar

I fylkesrådmannen si tilråding til fordeling av tilgjengelege midlar er det teke omsyn til tal godkjende søknader frå den einstilte kommune og tal innbyggjarar i kommunane saman med søknaden sin kvalitet med kva for kulturaktivitetar som finn stad og kommunen sin eigen prioritering. På bakgrunn av at det er små midlar til fordeling er det i hovudsak bare mogleg å innvilge støtte til tiltak som har 1. prioritet frå sin kommune

Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling fordeler kr 2 939 000,- over budsjettpost 400.440 til spelemidlar til Lokale kulturbygg i 2018:

KOMMUNE	PRI	SØKNAD	EIGAR	TILDELING
Bergen	1	S12 Galleri og Verksted AS	S12 Galleri og Verksted AS	500 000
Bergen	2	III-arena for elektronisk kunst	Kulturhuset Østre AS	Avslag
Bergen	3	Ervingen Kulturhus AS	Ervingen Kulturhus AS	500 000
Bergen	4	Stiftelsen Lystgården	Stiftelsen Lystgården	Avslag
Bergen	5	Ervingen Kulturhus AS	Ervingen Kulturhus AS	Avslag
Bømlo	1	Moster Museum	Moster tur- og sogelag	Avslag
Bømlo	2	Husflidstovo oppgradering	Bømlo husflidslag	Avslag
Bømlo	3	Bømlo hobbylag - gamle Meieriet	Bømlo Hobbylag	Avslag
Bømlo	4	Rubbhallen - kulturdel	Rubbestadneset idrettslag	Avslag
Kvinnherad	1	Dalheim ungdomslaghus	Omvikdalen Ungdomslag	439 000
Kvinnherad	1	Steinparken Rosendal	Rosendalstiftinga	Avslag
Meland	1	Meieriet	Meland kommune	500 000
Os	1	Vognhallen	Os kulturutvikling	500 000
Os	2	Nesjarheim	Søre Neset Ungdomslag	Avslag
Osterøy	1	Samlingshuset Kongshall	Valestrand Ungdomslag	250 000
Samnanger	1	Samnanger bibliotek	Samnanger kommune	250 000
Sveio	1	Sjøhus i Buavåg	Vestlandske Grube Company AS	Avslag
				2 939 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.
Fylkesrådmannen, 29.08.2018

Viser til vedlegg med oversyn over søknadane